

---

**Fra:** Atle Utkilen <atle@adu.no>  
**Sendt:** onsdag 5. oktober 2016 12.30  
**Til:** Kristin Schübeler Nielsen  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol; Ingjerd Haugen  
**Emne:** Re: SV: Nedre Bergås bustadfelt: diverse spørsmål  
**Vedlegg:** 2013108\_Bergaas\_Nedre\_oversendelse\_5\_10\_16.pdf; 2013108\_Illustrasjon.pdf; 2013108\_reg\_plan.pdf; 2013108\_Planskildring\_01\_10\_16.docx; LK\_Foresegner\_1\_10\_16\_Revidert\_grunnlag\_LK\_adm\_29\_9.docx

**Viktighet:** Høy

Vi oversender med dette:

- Oversendelsesbrev
- Reviderte føresegner
- Revidert panskildring
- Revidert kart
- Illusstrasjonskart

Vonar at dette kan brukast og at dykk rekk å få det med til neste møte.  
Skulle noko vera uklart, er det berre å ta kontakt.



---

**Fra:** Kristin Schübeler Nielsen <[Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no](mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no)>  
**Dato:** torsdag 29. september 2016 15.26  
**Til:** Atle Utklien <[atle@adu.no](mailto:atle@adu.no)>  
**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>, Ingjerd Haugen <[Ingjerd@adu.no](mailto:Ingjerd@adu.no)>  
**Emne:** SV: Nedre Bergås bustadfelt: diverse spørsmål

Hei!

Her er oppdaterte føresegner som er noko revidert av oss etter telefonsamtalen vi hadde på mandag.

På telefon snakka vi m.a. om mottakskontrolldokumentet som vart sendt til dykk i mars, og kommentarfeltet på dette. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dykkar kommentarar. Om de har desse og kan sende dei over, vil det kunne vere klargjerande for oss, då vi vil kunne vite kva vurderingar de har gjort. Nokre av punkta frå mottakskontrollen har vi skrive direkte inn i føresegnerne.

Når det gjeld føreseggnene, kan vi seie generelt at konkrete, handfaste krav må vere med, mens utfyllende tekst rundt desse kan ligge i planskildringa. Som vi snakka om må også konkrete krav frå kommuneplanen ligge i føreseggnene, då det er føreseggnene til reguleringsplanen som er juridisk bindande.

Vi gjer merksam på at det som eventuelt er nytt i føreseggnene, også må verte oppdatert i planskildringa.

**FØRESEGNER:**

Sjå vedlegget «Føresegner revidert av administrasjonen pr 29.09.2016». Tekst med blå markering i dette vedlegget treng de ikkje ta med, men er tilrådingar for korleis de kan utforme føreseggnene.

For å grunngje våre endringar når det gjeld t.d. § 0.3.1 (infrastruktur) i føreseggnene, har vi her lagt til rette for at det kan vere mogleg å gjennomføre eventuelle, naudsynte endringar knytt til infrastruktur for eksisterande bustader, i tilfelle det går fleire år før det vert ført opp nye bygningar og infrastruktur her.

**PLANSKILDRING:**

På side 2 i planskildringa må det gå fram at det vert opna for totalt 26 bueiningar innanfor planområdet. I dag står det 21.

**PLANKART:**

Vi tilrår at det vert lagt inn eit til punkt for renovasjon og post, med hensiktsmessig plassering, for å gi flest mogleg av beboarane innanfor planområdet så kort som mogleg avstand til nærmeste renovasjonspunkt. Etter administrasjonen sin vurdering er 280 m som lengste avstand ikkje å tilrå.

Føremålet grøntstruktur må verte endra frå offentleg til felles føremål.

**ILLUSTRASJONSPLAN:**

Når det gjeld vårt punkt der vi ber om at de sender inn ny illustrasjonsplan med høgare oppløysing, gjeld dette berre illustrasjonsplanen og ikkje snitta.

**SOSI-FIL:**

Vi ber om at de sender over revidert sosi-fil.

Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at det kan kome fram fleire moment vi ikkje har sett til no i handsaminga.

Om planframlegget skal verte handsama av Plan- og miljøutvalet i deira møte 19. oktober, må vi motta oppdatert materiale frå dykk så raskt som mogleg og **seinast onsdag 5. oktober kl. 12.00**.

Det er berre ta kontakt om de har spørsmål!

Med venleg helsing



## LINDÅS KOMMUNE

**Kristin Nielsen**  
Arealplanleggar/siv.ark  
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

---

**Fra:** Atle Utkilen [<mailto:atle@adu.no>]

**Sendt:** mandag 26. september 2016 11.54

**Til:** Kristin Schübeler Nielsen

**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol; Ingjerd Haugen

**Emne:** Re: Nedre Bergås bustadfelt: diverse spørsmål

Vi legg ved brev med våre merknader i saka.

Det dykk kjem med av merknad og forslag til endringar er ikkje i samsvar med det vi diskuterte då vi hadde møte om planen.

Vi har i vedlagt brev forsøkt å vara.

Vennlig hilsen for

  
Atle Utkilen Dagleg leiar  
Tlf 97067161 / 56168082

---

**Fra:** Kristin Schübeler Nielsen <[Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no](mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no)>

**Dato:** fredag 23. september 2016 11.50

**Til:** Atle Utklien <[atle@adu.no](mailto:atle@adu.no)>, Ingjerd Haugen <[Ingjerd@adu.no](mailto:Ingjerd@adu.no)>


**Kopi:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>

**Emne:** Nedre Bergås bustadfelt: diverse spørsmål

Hei!

Vi held no på å handsame planframleggjet for Nedre Bergås bustadfelt, og har nokre spørsmål i den samanheng. **Vi ber om ei tilbakemelding på punkta så raskt de har høve, gjerne i løpet av dagen i dag på det som måtte vere mogleg, og seinast innan måndag (26. sept) kl. 11.30.**

Punkta som kjem fram under er ikkje uttømmande, då vi framleis går gjennom saka.



Utklipp frå kommuneplanen. Svart, tykk strek viser planavgrensing.

Reguleringsplangrensa går utanfor område avsett til bustadføremål i kpl og inn i LNF-område mot nord. Vi vil for ordens skuld informere om at eit planforslag i strid med overordna plan utløyser eit gebyrpunkt på kr. 37 900,- jf. punkt 7.3.2 g) i gebyrregulativet. Om de sjølv ønskjer å justere plangrensa slik at den ikkje er i strid med kommuneplanen, har de høve til å gjøre dette no.

#### PLANKART:

- Innanfor område BK2 er det i planframlegget vist til at det kan verte ført opp maks to bueiningar. Vi ber om at de endrar føremålet frå BK til BF, då ein tomannsbustad høyrer inn under definisjonen på frittliggjande småhusbebyggelse. Dette må også verte fulgt opp i føresegner og plankart.
- På gnr. 63/16 går byggjegrensa inn på vegføremålet. Ønskjer de å endre dette?

#### FØRESEGNER:

- Vi kjem til å føreslå nokre endringar/tillegg direkte i føresegnene. Desse er lagt ved i dokumentet «Føresegner – revidert av administrasjonen pr 23.09.2016». Om de ønskjer å legge inn nokre av endringane sjølv, har de høve til dette.

**ILLUSTRASJONSPLAN:** Har de høve til å sende illustrasjonsplanen på nytt med høgare oppløysing?  
Lesbarheten på den vi har motteke er ikkje så god.

**SOSI-FIL:** Vi kan ikkje sjå å ha motteke SOSI-fil for det siste materialet. Kan de sende dette til oss?

Ta gjerne kontakt om noko er uklart eller de har spørsmål!

Med venleg helsing



**Kristin Nielsen**  
Arealplanleggjar/siv.ark  
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03